

Årleg melding

Brukarutvalet Helse Fonna 2021

Samansetjing av utvalet

Medlemmer

Grete Müller (leiar)	SAFO Sørvest
Else-Berit Helle (nestleiar)	FFO Hordaland
Nils Reiersen	Pensjonistforbundet
Heidi Larsen Wåge	Kreftforeininga
Anne Karin Sørdal	Landsforeningen for fordøyelsessykdommer
Arne Olav Hope	SAFO Sørvest
Erling Netland	RIO
Geir Charles Grindheim	Revmatikerforeningen

Varamedlemmer

Kristine Sele	Pensjonistforbundet
John Roger Midttun	Afasigruppen
Geir Tore Søreide	SAFO Sørvest
Mette Lambach	FFO Hordaland
Odd Chr. Grundetjern	RIO

Administrasjonen

Reidun Rasmussen Mjør, samhandlingssjef og sekretær for brukerutvalget frå 1/7- 4/10-2021

Sølvi Torvestad, samhandlingskoordinator/ sekretær for brukarutvalet til 1/7-2021

Kjersti Haugen, sekretær for brukerutvalget frå 4/10-2021

Saker, oppgåver og aktivitet

I 2021 vart det oppretta nytt brukarutval for en periode på to år, og halvparten av brukerrepresentantene vart då nye. Enno etter eit år har ikkje alle medlemmene av utvalet møtt kvarandre fysisk grunna pandemien. Det har vorte gjennomført sju brukarutvalsmøte i 2021, der berre eit møte i haust har vore fysisk. I forkant av møta har leiar, nestleiar og sekretær gjennomført AU-møte for å setja agenda.

Brukarutvalet sitt arbeid vart i 2021, som året før, sterkt prega av koronapandemien. Planlagt fellesmøte med ungdomsråd, brukarråda for DPS-ane og brukarutvalet hausten 2021 blei avlyst som i fjor. Dessutan kunne fleire av prosjekta, brukarsamlingane og aktivitetane i interne utval, ikkje gjennomførast etter oppsett plan. Erfaringa ved å bruke Teams-møte har vorte betre i år enn i fjor - sjølv om deltakarane fort vert slitne når møta vert for lange. Fordi sakslista må gjerast kortare, vert ikkje møta like effektive som før pandemien. Eit par webinarar blei arrangerte som erstatning for felles brukarsamlingar, men dette er ei møteform der det er vanskeleg å engasjera tilhøyrarane i tilstrekkeleg grad av di teknikken ofte skrantar og det blir mykje einvegskommunikasjon som brukarrepresentantane synest er krevjande å fylgje med på.

I juni kom leiarar og nestleiarar i Helse Vest sine fem brukarutval og det regionale brukarutvalet saman til elektronisk møte i Leiarforum, og endeleg i november kunne ein satse på eit fysisk møte. Intensjonen ved desse samlingane er å utveksle erfaringar frå dei ulike brukarutvala i regionen og skaffa seg informasjon om korleis dei ulike helseføretaka løyser utfordringane innan pasientbehandling, forskning, opplæring av pasientar og deira pårørande og ikkje minst utdanning av helsepersonell. Særleg viktig for oss dette året er informasjonen om den pågåande koronapandemien og kva konsekvensar den har for drifta ved sjukehusa våre, etterslepet på grunn av utsette behandlingar og korleis helseføretaka planlegg for å koma a jour og redusera fristbrot som har oppstått - mykje på grunn av pandemien.

Eit lyspunkt dette året var då det regionale brukarutvalet i Helse Vest i oktober endeleg kunne invitere til eit fysisk to-dagars møte på Flesland med representantar frå alle brukarutvala i vår region og deira sekretærer, då smittesituasjonen tidleg i haust ei tid såg ut til å betre seg noko. Ei av dei viktigaste sakene som vart teke opp på samlinga var korleis brukarmedverknad vert forstått og praktisert – ikkje minst innan helseforskning. Brukarrepresentantane som var til stades i møtet var samde i at tilsette i helseføretak med brukarerfaring ikkje bør nemnast som likepersonar, og at likepersonar ikkje til vanleg representerer pasient- og brukarorganisasjonane i råd og utval.

Fokusområde for utvalet i 2021

1. Koronapandemien

2021 har som føregående år, vore mykje prega av koronasituasjonen ved sjukehusa våre. Bortsett frå nokre veker i haust har aktiviteten ved poliklinikkar og planlagde behandlingar vore lågare enn normalt, noko som delvis skuldast smittevernberedskapen i føretaket. Mangel på smitteisolat og enkeltrom har ført til økt tal på korridorpatientar, og fleire ferdigbehandla pasientar som kommunane hadde problem med å henta heim, blei liggande i sjukehusavdelingane der ein fann plass. I deler av året har enkelte klinikker hatt over 100% belegg. Kreftpasienter har vore prioritert i helseføretaket under pandemien, i likhet med pasientar innan psykisk helsevern - både vaksne, barn og unge.

2. Oppdragsdokumentet for 2021

Dåverande helseminister, Bent Høie nemnde i sin sjukehusstale 14. januar at pandemien har fungert som eit forstørringsglas på spesialisthelsetenesta. Med den uttalen meiner han nok at det no er blitt tydelegare å sjå kor spesialisthelsetenesta har sine sterke og svake sider. Ein merkar godt at det er mangel på nøkkelpersonell innan viktige fagområde. Ein er blitt for avhengig av utenlandsk arbeidskraft, som det stadig blir vanskeligere å få tak i. Dessuten har vi sett at forsyning av medisinsk utstyr og medisiner fra en del asiatiske land vert ramma særleg mykje av råvaremangel og transportrestriksjoner under den pandemisituasjonen som er og har vore. Me vil peika på at berdeskapslager og alternativ eigenproduksjon kan vere ein moglegheit til å kompensera for slike manglar. Dessutan skal det nå satsast på å utdanne flere intensivsykepleiere.

Oppdragsdokumentet for 2021 signaliserer forventningar om at spesialisthelsetjenesta skal bli mer utadvendt, og at pasientene i fremtida skal motta mer samanhengande helsetenester på tvers av nivåa. Samstundes skal spesialister frå de større sjukehusa hjelpe dei mindre, og ein opner for at leger frå spesialisthelsetjenesten skal kunne bistå kommunehelsetjenesten med pasientbehandling der pasienten til ei kvar tid oppheld seg - på sjukeheimen eller i pasienten sin eigen heim - digitalt eller ambulant.

3. Kvalitet- og pasienttryggleik

Brukarutvalet ynskjer å stille kvalitet og pasienttryggleik som aller høgaste prioritering blant saker me ynskjer å involvere oss i. Det er viktig for oss å kommunisere ut kva me opplever å vere god kvalitet i pasientbehandlinga. Difor har me vært opptatt av dei pasientopplevde resultata etter PasOpp-undersøkinga frå 2019, og sett på kva som kan liggja bak dei relativt dårlege tala for vårt

eige helseføretak. Særleg peikast det på manglar ved informasjon i høve til utskriving og generell pasientkommunikasjon. Same tendens fann ein i ny PasOpp-undersøking som vart offentleg sommaren 2021. Det er no stilt ferdig ei enkel brosjyre som gjev informasjon om kva type hjelp pasientar kan vente seg frå sine kommunar når dei vert skrivne ut frå sjukehusa. Samstundes har ei anna arbeidsgruppe lage mal for strukturert samtale ved utskriving som me håpar at legane våre ynskjer å ta i bruk.

Snart to år med koronaepidemi har ført til eit stort press på føretaket sine helsearbeidarar. Då er det snart at det kan skje uønskte hendingar, som til dømes at medisin blir administrert feil eller at pasientar vert liggjande for lenge i mottak og ikkje får så god behandling av helsepersonellet som dei forventar. God flyt i pasientbehandlinga, plan for å skape eit godt team-arbeid mellom ulike fagdisiplinar og simulering av ulike tenkte hendingar, kan styrkje og tryggje helsearbeidarane slik at dei makter å stå i det tunge arbeidet over tid.

4. Bygg 2020 – nytt sjukehusbygg i Haugesund

Brukarutvalet har sidan oppstarten av prosjektet delteke i planlegginga av 1. byggetrinn. Det nye sjukehusbygget vart opna i september under stor festivitas. Ombyggingsprosjektet kom i gang like etter at ein flytta ut av dei gamle lokala. Her vil det etter kvart koma mellom anna ei nyfødt intensiv-avdeling og moderne røntgen-laboratorier, som ventast å stå ferdig neste år.

Det er imponerende at «Sørvesten» blei levert til avtalt tid og til fastsett pris i den vanskelege tida med svikt i vareleveransar og med arbeidarar i karantene.

Allereie no over nyttår startar detaljplanlegging av byggetrinn 2. - for byggestart ein gong i 2023. Brukarutvalet ser fram til å delta aktivt i planlegginga av dei nye pasientromma som skal komme i det neste byggetrinnet, saman med ny kreftavdeling og avdeling for infeksjonsmedisin.

5. Revidert utviklingsplan for Helse Fonna 2023-2026

Som ein konsekvens av ny Nasjonal helse- og sjukehusplan som blei lansert for eit år sidan, måtte og utviklingsplanane for helseføretaka reviderast dette året. Brukarutvalet har vore aktiv med å gjeve innspel til planen, og sendte difor høyringsvar då fyste utkastet kom no i haust.

Brukarutvalet støtter utviklingsplanen si tilnærming med å gje pasientane ei meir aktiv rolle ved at dei i framtida vil nytte smartteknologi og digitale behandlingsformer i langt større grad enn før og at det vert utvikla og tatt i bruk samvalgsverktøy, som kan gi pasienten betre støtte til å kunne ta egne val i behandlinga.

Ved etablering av dei nye helsefellesskapa mellom helseføretaket og kommunane som høyrer til i Helse Fonna sitt sjukehusområde, har det vore viktig for oss at det må være brukarrepresentantar på alle nivå i helsefellesskapet – både folk frå organisasjonane som

representerer føretaket og dei som skal representere pasientar og pårørande som i hovudsak får helsetenester av kommunen. Alt i alt ser me oss nøgde med korleis helsefelleskapa no ser ut til å ha funne ei god organisering.

Temasaker i 2021

På møta i brukarutvalet har det vore informert om ei rekke tema dette året:

Bygg 2020 v/ Prosjektdirektør Laila Nemeth

Revidert Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 v/ samhandlingssjef Reidun Rasmussen

Mjør

Revidert utviklingsplan v/ samhandlingssjef Reidun Rasmussen Mjør

Forskingseininga i Helse Fonna v/ leder Anne Lise Kvalevaag

Arbeidet med pasienttryggleik i Helse Fonna v/ fagdirektør Haldis Økland Lier

Vel Heim-prosjektet – knytt til betre utskrivingsprosessar og for å minske talet på reinnleggingar

Informasjon når det gjeld pandemisituasjonen i føretaket v/ adm.dir. Olav Klausen

Informasjon omkring sikringsavdelinga ved Valen sjukehus v/ klinikkdirektør Kenneth Eikeset

Pasient- og brukarombodet i Rogaland v/ Gro Snortheimsmoen Bergfjord

PasOpp-undersøkinga for 2020 v/ leiar for kvalitet og pasientsikkerheit - Kristin Folven

Samarbeid med brukarorganisasjonane

Trass i pandemien og elektroniske møte har brukarutvalet likevel hatt god kontakt med sine organisasjonar gjennom utstrekt bruk av E-mail og telefon. Leiar saman med medlemmer frå brukarutvalet har i 2021 jamleg møtt pasientorganisasjonane og orientert om brukarutvalet sitt arbeid på Brukarhuset. Eit av desse samarbeidsmøta vart og arrangert på Stord i november.

Brukarutvalet har gjeve høyringsuttale til

Kommentar til Årleg melding 2021 frå Helse Fonna HF

Årleg melding 2021 frå brukarutvalet

Innspel angående brukarmedverknad i helsefelleskap

Høyringsuttale til revidert utviklingsplan 2023-2026

Høyringsuttale til ulike læringsmeldingar og prosedyrar for betre pasienttryggleik

BU deltaking i arbeidsgrupper og utval

Arbeidsgrupper/utval/samlingar	Namn
Arbeidsutval for lærings- og meistringstilbod (LMS) alle sjukehusområde	Alf Anvedsen Else Berit Ingvaldsen/ Arne Olav Hope
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Alle sjukehusområde	Else Berit Ingvaldsen

Revisjon av samarbeidsavtale 3 og 5	Else Berit Helle
Pakkeforløp, psykisk helsevern voksne	Karl Olaf Sundfør
Pakkeforløp spiseforstyrrelser	Anne Karin Sjørdal
Ressursgruppe/ arbeidsgruppe for CFS/ ME	Martine Gjelstad
Kvalitetsutvalget	Grete Müller
Klinisk etikk-komite (KEK)	Else-Berit Helle
Partnerskapsmøte	Grete Müller Else-Berit Helle
Strategisk samhandlingsutvalet	Else-Berit Helle Heidi Larsen Wåge
Strukturert utskrivingsamtale	Else-Berit Helle
Tvisteløysingsorgan SU	Else-Berit Helle/ Grete Müller
Strategiske fagutval:	
Barn og unge	Emma Sofie Lae Pedersen (Ungdomsrådet) Janett Lillås Mathiassen (brukerbanken)
Helse beredskap	Ingen oppnevnt ennå
Arbeidsutval for koordinerende enhet for habilitering og rehabilitering	Arne Olav Hope
Byggeprosjekt 2020	
Styringsgruppe	Grete Müller

Forskningsprosjekt

Meir enn bare et nytt bygg?	Anita Skogøy
-----------------------------	--------------

Brukarutvalet sine satsingsområder for 2022

Pasientsikkerhet og kvalitet i hele helseforetakets virksomhet

Pasientenes legemiddelliste og legemiddelsamstemming

Oppdragsdokumentet for 2022

Følge opp pakkeforløp innen kreftdiagnoser, hjerneslag, psykisk helse og rus

Delta i ferdigstilling av ombyggingsprosjekt tilhørende byggetrinn 1 - Haugesund Bygg 2020

Delta i planlegging av byggetrinn 2 - Haugesund Bygg 2020

Brukarmedverknad i helseforskning

Haugesund, 31/12-2021

Grete Müller
leder